


# Heilskapleg arbeid med læringsmiljø.

Samling Fylkesmannen i Nordland, Bodø 16.11.

Åge Stafsnes, rektor

Hilde Lauritsen, spes.ped leiar

Halbrend skule, Førde

# Halbrend skule




Førde kommune

- 13000 innbyggjarar.
- 9 skular, 5 sentrumsskular.
- Arbeidsplassar innan kompetanse, helse og service.

Halbrend skule

- Opna i 1974, ungdomsskule frå1997.
- Rehabilitert i 2013
- 5. – 10. trinn
- 18 klassar, 406 elevar.
- Motar elevar frå krinsskulane




*Ei drivkraft med menneska i sentrum*

HALBREND SKULE
Ein god stad å lære

Læringsmiljø og kulturarbeid.

Heilskapleg tilnærming

Rutinar og tiltak

Miljøteam

Oppfølging og evaluering

Fråvær

# Heilskapleg læringsmiljø

- Faktorar i læringsmiljøet som skapar eit heilskapleg læringsmiljø.
  - Venskap og relasjonar mellom elevar
  - Relasjonar mellom elevar og lærarar
  - Leiing av klassar og læring
  - Normer og reglar
  - Elevsyn og forventningar til læring
  - Det fysiske miljøet
  - Samarbeid heim skule.

*Ikkje alle elevane på Halbrend skule har det like bra i skulekvardagen.*

# Kulturarbeid – å snakke om det

*Ein viktig føresetnad for å arbeide godt med læringsmiljøet, er å erkjenne at kan vere negative sider ved miljøet, at det kan førekome mobbing og at alle elevane ikkje har det like bra.*

Det må snakkast om i personalet, og det er ikkje eit nederlag at det kan førekome mobbing. Men det er eit nederlag om ein ikkje har system og verktøy for å førebygge og løyse slike saker.

Det må arbeidast med kulturen, slik at det er openheit om utfordringar, utfordringar som vi løyser ilag. Det er ikkje mine eller dine elevar. Alle tilsette må involverast

Ein må og erkjenne at dette arbeidet aldri tek slutt, men ein kan innarbeide system og rutinar slik at dei blir ein del av den daglege drifta.


HALBREND SKULE
HELHETLIG SKOLEUTVIKLING
VENN
Entre prenør-skap
Tykke og tynne spørs mål
Spørre nøkkel
Lotus
De 6 tenke hattene
Tanke kart
Argumen-tasjons kart
Y - kart
PMI
VØFL
IT-verktøy
Ulike Læreverk
og enda flere
Læringsstrategier, verktøy og metoder
Blooms taksonomi
Handlings læring
Stasjons læring
Portfolio Mapper
Reading Recovery
MI / LS
Målark/ stegark
og mange flere
Metodikk og pedagogiske veivalg
Kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, forutsigbarhet og etterlevelse
Prosesser og rutiner, informasjon, ledelse, medarbeidere, resultater, budsjettstyring, organisering og struktur + + m.v.
Definering og konkretisering av skolens oppdrag
Læringstrapper, kompetansemål, tilpasset opplæring, fysisk tilrettelegging for læring, felles evalueringsrutiner, felles vurderingskriterier + + + m.v.
Strategier, mål og virksomhetsplaner
Forpliktende verdier, virksomhetsidé, visjon
Visjon, Virksomhetsidé, Læringssyn, ulike verdisyn for eksempel, foreldresyn, syn på elever m.v.
Forskrifter Lover
Læreplan, Læringsplakaten, Opplæringslova m.v.
Ei drivkraft med menneska i sentrum

# §9a eleven sitt skulemiljø

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Viktige føringar

- Handlingsplikta
  - Handle, undersøke, informere
- Eleven sin subjektive oppfatning av miljøet er grunnlaget for handlinga
- Einskildvedtak og tiltak.
- Alle tilsette må kjenne til desse prinsippa.

Skulen sine verdiar, strategiar, tiltak må bygge på lovverket for å få ei systematisk heilskapleg tilnærming.

# Ein god stad og lære

***Vi skal vere ein skule som i varetek elevane sin eigenart og gir dei faglege og sosiale utfordringar som dei meistrar og veks på.***

**Vårt Læringssyn**

- **Vi skal ha tilpassa opplæring med mål for alle.**
- **Vi skal variere undervisninga slik at vi kan møte elevane sine ulike læreføresetnader.**
- **Elevane skal få lære og få høve til å nytte ulike læringsstrategiar.**
- **Vi skal skape eit godt læringsmiljø fordi trygge elevar lærer meir**

**Vårt elevsyn:**

- **Elevane på Halbrend skule er unike individ som skal få høve til å utvikle seg  på måtar som kjem både dei sjølve og samfunnet til gode.**

# Delte verdiar

***Kunnskap-Omsorg-Samarbeid-Engasjement-Respekt***

***Omsorg*** **i**nneber at vi på Halbrend skule skal ha fokus på å ivareta og sjå den einskilde eleven sine behov sosialt og fagleg. **Vi skal ha nulltoleranse mot mobbing, og handle raskt om vi ser elevar som ikkje har ein bra skulekvardag. Vi skal ha fokus på å utvikle eit godt læringsmiljø for alle elevane**. Vi skal ha omsorg for kvarandre som arbeidstakarar, og vi skal ha aksept for at det er naudsynt å ta omsyn til ulike livssituasjonar i arbeidsforholdet. Vi skal vere støttande for kvarandre både fagleg og sosialt, og vi skal vere inkluderande. Å vise omsorg handlar og om å kunne informere eller varsle leiinga om ein kollega som treng oppfølging eller hjelp på grunn av ein vanskeleg arbeids- eller livssituasjon.

HALBREND SKULE
Ein god stad å lære

# Å sette seg mål

- **S**pesifikke
- **M**ålbare
- **A**mbisiøse
- **R**ealistiske
- **T**idsbestemte
- **E**valuerbare

# Mål

<table>
<tr><th>Fokusområde</th><th>Satsingsområde</th><th>Mål</th><th>Frist for mål-oppnåing</th><th>Korleis blir resultatet dokumentert?</th></tr>
<tr><td></td><td>ha best moglege forhold i læringsarbeidet.</td><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td></td><td>Trivsel og mobbing<br><br>Alle elevar i Førdeskulen har krav på eit mobbefritt miljø.</td><td>Ingen elevar i Førdeskulen skal føle seg mobba.<br>Alle elevar i Førdeskulen skal oppleve at dei vert tekne på alvor av lærarar og medelevar og dei dei trivast godt på skulen.<br><br>Alle vaksne i skulemiljøet skal vere gode føredøme, og gripe inn med ein gong det er misstanke om elevar vert plaga.
<table>
<tr><th colspan="5">Halbrend skule 14-15</th><th>Mål 16-19</th></tr>
<tr><td>Snitt</td><td>7. trinn</td><td>8. trinn</td><td>9. trinn</td><td>10. trinn</td><td>Alle steg</td></tr>
<tr><td>2.1 Trivsel</td><td>4,44</td><td>4,49</td><td>4,50</td><td>4,06</td><td></td></tr>
<tr><td>2.2 Trygt miljø</td><td>4,26</td><td>4,36</td><td>4,17</td><td>3,62</td><td></td></tr>
<tr><td>2.3 Mobbing på skolen</td><td>4,80</td><td>4,91</td><td>4,91</td><td>4,78</td><td></td></tr>
</table>
Det skal innførast ny kommunal trivselsundersøking på 4. steget.</td><td>2016</td><td>Elevundersøkinga<br><br>VOKAL</td></tr>
</table>

Ei drivkraft med menneska i sentrum

HALBREND SKULE

Ein god stad å lære

# Trivsels-reglar



**VIRKEOMRÅDE**

Gjeld på skulen sitt område, dvs i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal, og når elevane har opplegg i regi av skulen i prosjekt, på kveldsamlingar, ekskursjonar, leirskular eller liknande. Reglementet gjeld og på elevane sin skuleveg.

**MÅL**

Halbrend skule skal vere ein god og trygg skule, med eit godt læringsmiljø og gode samværsformer mellom dei ulike gruppene på skulen, elevar, lærarar og andre tilsette. Alle skal kunne arbeide godt og kjenne seg trygge og trivast på skulevegen, på skulen og på arrangement i skulen sin regi. For å fremje gode samværsformer er det viktig å leggje vekt på skulen sine kjerneverdiar:

- KUNNSKAP
- OMSORG
- SAMARBEID
- ENGASJEMENT
- RESPEKT

Forskrift for ordensreglement for elevane,
jfr. Opplæringslova § 2-9 og 13-7. Forvaltningslova § 2
Vedteke i Samarbeidsutvalet skulemiljøutvalet mai 2012

# Konkretisering i tiltaksplanen

2. **Læringsmiljø**

| | |
|---|---|
| • Vere tydelege vaksne, og utøve autorativ klasseleiing | Ansvar: lærar |
| • Alle klassar skal bruke og innarbeide eit system med læringspartnar | Ansvar: kontaktlærar |
| • Like køyrereglar på steget, vikarperm som sikrar at og vikarar følgjer køyrereglane | Ansvar: teamleiar |
| • Aktivitetar i friminutta på barneskulen og på ungdomsskulen. | Ansvar: ass.rektor/miljøteam |

# Involvering

- Det er lærarane sjølv som utarbeider innhaldet i dokumenta, bygd på lovverk og fakta.
- I prosessane nyttar vi:
  - Kreative prosessar som Brainstorming, Gallery Walk og World Cafe.
- Forpliktande prosessar, der konklusjonen skal følgjast opp av personalet.
- IGP metoden (Knut Roald) blir nytta for å involvere, og forplikta alle tilsette.
  - Individuelt, gruppe, plenum.

# Konkretisering av oppdraget



Vegvisar til målet

Slik arbeider vi på Halbrend skule

Vegvisaren til målet er Halbrend skule sin pedagogiske plattform. Vegvisaren er eit forpliktande dokument for alle tilsette.

Ås

2016-2017



RETNINGSLINJER TIL ARBEIDET MED ELEVANE SITT FYSISKE OG PSYKOSOSIALE MILJØ - § 9A

TILTAKSPLAN MOT MOBBING

23/11/2014 17:47

Side 1

FØRDE KOMMUNE

Halbrend skule

Tlf. 57 82 87 40

*Ei drivkraft med menneska i sentrum*

# Innhald i Vegvisaren

- Tiltaka som er forpliktande for alle, og er
- utarbeidd i prosessar saman med personalet.
- Innhald
  - Den gode timen
  - Catch them beeing good
  - Prinsipp for god klasseleiing
  - Årshjul sosialt arbeid.
  - Felles daglege rutinar


Sosialt arbeid – læringsmiljø

Forsking viser at fem forhold er grunnleggjande når ein arbeider med å utvikle og oppretthalde gode klassemiljø
- Læraren si evne til å leie klassar og undervisning.
- Positive relasjonar mellom elev og lærar
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- Godt samarbeid mellom skule og heim
- God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

**«Catch them being good»**

«Catch them being good» eller «Assertive discipline» er skulen sitt program for å arbeide målretta og einsarta med sosial utvikling og læringsmiljø.

Viktige prinsipp som alle skal arbeide med:
- Legge vekt på og framheve positiv åtferd framfor negativ åtferd
- Sjå alle elevar, gje dei positiv respons og løne positiv åtferd
- Vere tydelege vaksne og ha tydelege reglar
- Ha felles rutinar og felles tolking av reglar
- Vere konsekvente i oppfølging av regelbrot
- Lage åtferdsplanar for elevar som treng særskilt oppfølging

**Klasseleiing**

God kvalitet på læringsmiljøet kan knytast til følgjande kompetanseområde hjå læraren:
- Å vere ein tydeleg leiar
- Å kunne etablere positive relasjonar til elevane sine

På Halbrend legg vi vekt på desse prinsippa for god klasseleiing:
- Startar timen presis
- Startar alltid med fag
- Kort innleiande elevaktivitet
- Går ned til elev som spør
- God på situasjonsskifte
- Gjentar ikkje beskjedar
- Konkret på ris og ros
- Konsekvens framfor straff
- Sluttrutinar
- Ryddig klasserom, estetikk
- Bryr seg om alle elevar, viser at kvar enkelt elev er viktig
- Torer å ta tak i ting som skjer, følgjer opp bekymringar

Relasjonsbygging
- Det er læraren som har ansvar for å skape gode relasjonar til elevane sine
- Lærar viser at han likar kvar enkelt elev, er positiv og støttande i forhold til eleven
- Lærar viser at han har tru på at kvar enkelt elev kan lære og nå måla for opplæringa
- Lærar har positive forventningar til kvar enkelt elev
- Lærar viser interesse for og blir kjent med kvar enkelt elev gjennom uformelle samtalar om deira interesser og aktivitetar

20

Ei drivkraft med menneska i sentrum

# Innhald i retningsliner for arbeid med §9a

| Bekymring | Handle | Kartlegge | Tiltak | Rektor overtek | Kommunalsjef |
|---|---|---|---|---|---|
| Elev blir utsett for krenkjande åtferd. | Den krenkjande åtferda stoppar? | Den krenkjande åtferda stoppar ikkje | Tiltaka har effekt og den krenkjande åtferda stoppar? | Tiltaka har effekt og den krenkjande åtferda stoppar? | Saka blir avslutta med vedtak av kommunalsjef. |
| Lærar eller andre tilsette observerer at eleven blir utsett for krenkande åtferd og/eller utestenging.<br><br>Eleven har få eller ingen vener.<br><br>Foreldre melder si bekymring, munnleg eller skriftleg. | Stopp den krenkjande åtferda. Grip inn i situasjonen.<br><br>Varsle foreldre til offer og overgripar.<br><br>Samtale med offer og overgriper.<br><br>Skriv referat frå alle samtalar | Kartlegg omfang, samtale med offer og overgripar.<br><br>Varsle rektor skriftleg på 9a skjema.<br><br>Observasjon i friminutt, skjult observasjon, registrering av frekvens. | Nedfelle tiltak i 9a vedtak (rektor)<br><br>Informere involverte om tiltaka.<br><br>Gjennomføre tiltak.<br><br>Evaluere tiltak saman med føresette. | Rektor involverer PPT<br><br>Det blir sett inn ressursar for å følgje opp offer<br><br>Faste møte med føresette til offer og overgripar.<br><br>Vurdere byte av klasse. | I samråd med sakkunnig instans blir skulebyte vurdert.<br><br>Skulebyte. |

Ei drivkraft med menneska i sentrum

# Innhald i retningsliner for arbeid med §9a

- Aktuelle lover
- Definisjonar
- Førebyggande arbeid, tiltak
- Korleis avdekke mobbing, og
- digital mobbing.
- Tiltakstrappa
- Vedtaksmal
- Årshjul for arbeid med læringsmiljøet
- Rettleiing
- Evaluering og intern kontroll




Ei drivkraft med menneska i sentrum

# Førebyggjande arbeid

- Klasseleiing og relasjonsbygging.
  - *Autorative vaksne, som responderer tydeleg på negativ åtferd.*
- Felles regelhandtering og oppfølging.
  - *Det blir lagt opp til felles diskusjonar om tolking av skulen sine reglar. Leiinga har leiartimen med alle elevane.*
- Synlege vaksne i miljøet.
  - Vakter med vest, fokus på at inspeksjon er viktig
- Aktiv i friminuttet, styrte aktivitetar av vaksne og elevar.
  - *Elevar som har ansvar for å organisere aktivitetar og involvere alle elevar.*
- Sosiale aktivitetar.
- Samarbeid med foreldre
- Læringsrommet som arena
  - *Det må vere triveleg, ryddig og fritt for hærverk*






*Ei drivkraft med menneska i sentrum*

# Førebyggjande arbeid





# Involvering av foreldre




- Forplikte og informere i foreldre møte om hausten
  - Kjenne reglane og rutinane som gjeld. Underteikne mobbemanifestet som ein symbolsk handling.
- Tett kontakt mellom lærar og foreldre, bygge relasjonar og rutinar for kontakt.
- Plan for innhald i foreldremøte på kvart årstrinn. Bruk av kreative verktøy for å fokusere på felles utfordringar t.d. World cafe, Gallery Walk.
- Utarbeide PSK plan saman med foreldre.
  - Kva er foreldre sine tiltak og ansvarsområde gjennom skuleåret.
- FAU som ressurs, utarbeidde rutinar saman med FAU. FAU arrangerer
- Arbeid i skulemiljøutvalet.

# Involvering av foreldre.

- Hurtig involvering av foreldre ved mistanke om mobbing.
- Rektor innkallar til møte med foreldre til offer og utøvar.
- Utgreiing og einskildvedtak.
- Tett oppfølging med fastsette evalueringsmøt. Leiinga deltek alltid. .

# 7. TILTAKSTRAPPA

**Tiltak nivå 1**

- Venegrupper
- Faste samtalar med involverte elevar
- Tettare oppfølging med foreldre
- Faste kontaktpunkt med foreldre
- Auka fokus på elev i friminutt
- Læringsmiljøtiltak i klassen
- Alt elevsamarbeid skal vere styrt av lærar
- Tenke gjennom plassering, faste plassar.
- Aktivitetar i skuletida
- Merknad og nedsett åtferdskarakter på ungdomssteget.
- Evaluering

**Tiltak nivå 2**

- Ressursteamet på skulen blir involvert
- Alternative friminutt for utøvar(ar)
- Oppfølging i friminutt for involverte elevar.
- Faste møte mellom leiing og involverte elevar.
- Faste møtepunkt med foreldre og leiing.
- Vaksenkontakt i alle overgangar t.d. garderobar.
- Sak i skulemiljøutvalet.
- Tema i foreldremøte
- Samarbeid med klassekontaktane.
- Tiltaka frå nivå 1 held fram
- Evaluering

**Tiltak nivå 3**

- PPT blir involvert
- Byte av klasse
- Fast oppfølging i friminutt
- Fast møteplan med foreldre.
- Møte med involverte elevar og leiinga kvar veke.
- Tiltaka frå nivå 1 og 2 held fram.
- Informere kommunalsjef
- Byte av skule

# Miljøteam

## Mål

*«Kvar einskild elev skal oppleve trivsel og tryggleik på Halbrend skule»*

Opplæringslova 9a-1:

*«Alle elevar i grunnskolar og videregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring»*

# Kven?

- Helsesyster (60 %)
- Miljøarbeidar (53 %)-
- Miljøassistent
- Spesialpedagog- leiar (100 %)
- Rektor/ass.rektor v/behov

**Kontakt med teamet**

- Elev kan ta direkte kontakt
- Lærarar kan be om hjelp i høve einskildelevar/klasse
- Foreldre kan ta direkte kontakt
- Rektor kan be om hjelp i høve oppfølging av elevar

**Arbeid**

- Drøftar i teamet (faste møter)- kva? korleis? kven?
- Einskildelevar
- Klasse/gruppe

**Evaluering- vidare tiltak**

- Neste møte- evaluering
- Vidare arbeid? Andre instansar?

# Korleis?

**Helsesyster**

- Tilgjengeleg for elevane- «open dør» 3 dagar i veka. Individuelt/gruppe.
- Fast opplæring på 5. og 8. steget i psykisk helse.
- Undervisning; Pubertet, seksuell helse, SMISO og rusmiddel
- Nær kontakt med kommunepsykolog og skulelege.

**Miljøarbeidar**

- Fast kontortid 2,5 t. pr.dag- på Miljøstova
- Miljøvakt m/aktivitetar
- Oppfølging av einskildelevar/gruppe.
  - «Psykologisk førstehjelp»
  - Trivselstiltak i gruppe
  - Individuelle samtalar- gruppesamtalar
  - Oppfølging v/fråvær
  - Miljøkveldar på kveldstid
- Samarbeide tett med miljøassistent

HALBREND SKULE
Ein god stad å lære

# Miljøstova







Ei drivkraft med menneska i sentrum

# Miljøassistent

- Ansvar for uteaktivitetar på ungdomssteget.
  - bl.a Kinballturnering
  - Aktivitetsbod/utstyr



- Ansvar for oppfølging av einskildelevar ute.
- Ansvar for oppfølging av aktivitetsagentane (AA-vakt)



# Aktivitetsagent (AA-vakt)

- 10.klassing- søknad-attest
- Mål:

- Auka (variert) aktivitet i langfriminuttet (dans, turneringar, aktivitetsbod). Fysisk aktivtet!
- Førebygge mobbing. Auka trivsel på Halbrend skule
- Invitere «alle» med i leiken- og gje melding vidare om dei ser nokon som «står åleine»

- Opplæring/kurs av miljøarb./miljøass.




Ei drivkraft med menneska i sentrum

# Spesialpedagog

- Leiar for miljøteam
- Oppfølging av tiltak-
- Observasjon av elev/klasse
- Kartlegging av elev
- Tilpassa opplæring/spesial-undervisning
- Fråvær
- Andre instansar bl.a PPT

# Døme: jente 8. klasse

**Kontakt med teamet**

- Mor til jente i 8. klasse uroa over den sosial utviklinga. Er også trist/lei seg.
- SMS til kontaktlærar om dette.
- Kontaktlærar tek kontakt med Miljøteam
- Kartlegging ute i friminutt + time
- Telefonkontakt med mor.

**Arbeid**

- Saka drøfta i miljøteam
- Ulike tiltak: Helsesyster; samtale, miljøarbeidar; gr.m/jentene, miljøassistent; friminutta, spesialpedagog; kartlegging. (Fråvær)
- Rektor kalla inn til møte.

**Evaluering- vidare tiltak**

- Neste møte- evaluering. Går framover. Arbeider vidare. Har slutta med vennegruppe-
- Vidare arbeid? Andre instansar?

# Kvalitetssirkelen, PDCA.

**Plan**

- Pedagogisk plattform
- Lokal læreplan
- Handlingsplan
- Tiltaksplanar
- Rutinar

**Do**

- Gjennomføre
- Samle erfaring
- Følgje opp
- Skulevandring

**Check**

- Nasjonale prøvar
- Kartlegging
- Undersøkingar
- Skulevandring

**Act**

- REKO gruppe
- Justering av planar
- Nye mål og tiltak
- Definering

## 2.3 Mobbing på skolen (utgått)

| 2.3 Mobbing på skolen (utgått) | 06-07 | 07-08 | 08-09 | 09-10 | 10-11 | 11-12 | 12-13 | 13-14 | 14-15 | 15-16 | 16-17 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Halbrend skule | 4,74 | 4,65 | 4,75 | 4,7 | 4,88 | 4,66 | 4,71 | 4,89 | 4,86 | 4,9 | - |



## Halbrend skule (15-16)




*Ei drivkraft med menneska i sentrum*

# Evaluering og oppfølging

- Etter elevundersøkinga skriv kontaktlærar ein rapport til rektor. Rektor samanfattar rapporten og skriv sin rapport til rådmannen.
- Rektor er med på teammøte for å utfordre på resultata. Det er teama som eig resultatet og gir si vurdering.
- Teama må lage ein tiltaksplan.
- Læringsmiljø og resultat er tema i medarbeidarsamtalen.
- Klasseleiing og læringsleiing ein del av skulevandringa

# Deling og forplikting




*Ei drivkraft med menneska i sentrum*

HALBREND SKULE

Ein god stad å lære

# Alvorleg skulefråvær

- Lovverk
- Skulk vs. skulevegring
- Masteroppgåva- aktuelle funn
- Rutinar og oppfølging av alvorleg skulefråvær på Halbrend skule.





# Lovverk

Relevante lovverk som har betydning for at elevar fullfører 10- årig grunnskule

- Lov om kommunale helse og omsorgstenester
- Opplærings-lova
  Evt. forvaltningslova
  - (§ 2-1): Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring og rett til en offentlig grunnskoleopplæring….»
    «Foresatte kan straffast med bøter dersom De forsømmer dette ansvaret…
  - ***(§ 9a-1): ……«alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring»***
    ***(§ 9a-7): Skolens ansatte plikter å melde frå dersom De er vitne til at elever ikkje har det bra på skolen. Ansatte kan straffest med bøter dersom De forsømmer dette ansvaret.***
  - **(§**1-3): «opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven….»
- Barnevernslova
- Lov om helsepersonell

*Ei drivkraft med menneska i sentrum*

# Skulk vs. skulevegring?




(King og Bernstein 2001): Skil mellom omgrepa:

***Skulevegring= «…. vanskar med å møte opp på skulen på grunn av emosjonelle vanskar og ubehag…..»***

Finst då ei årsak:emosjonell (angst/depresjon).




Kearney og Silverman (1996):

«***<u>school refusal behavior»: </u>child- motivated refusal to attend school and/or difficulties remaining in classes for an antire day***

= Barns vegring mot oppmøte på skulen, eller og skulle opphalde seg der ein heil dag (Ingul:2005)

----) ynskjer meir fokus på funksjonen bak eit fråvær.

Unngå negative opplevingar

Oppnå positive forsterkarar/

**1**

**Unngå skulerelaterte stimuli som får fram negative affekt som tristhet eller angst**

**3**

**Søk etter merksemd frå signifikante andre**

4 funksjonar til skulefråvær

**2**

**Unngå ubehagelege sosiale situasjonar eller evalueringssituasjonar**

**4**

**Oppnå forsterkarar utanfor skulen**

# *«Korleis ser fenomenet skulevegring i Sogn og Fjordane ut frå eit elevperspktiv?»*

a) Kor stort er omfanget av skulevegring, og kva funksjon har fråværet?

b) Opplever elevar med skulevegring skulekvardagen annleis enn elevar utan skulevegring?

# a) Omfang og funksjon

- Unngå negative opplevingar.
- Overlapping
- Stort sprik på 1-2 dagar fråvær og fleire (28 %- 7 %)
- Konstruktivt? Definisjonane har ingen klar nedre grense.
- Kartlegging naudsynt!

**Kva er bekymringsfullt fråvær? Klare retningslinjer på dette.**




Ei drivkraft med menneska i sentrum

# b) Oppleving av skulekvardagen

Indre motivasjon

**Behov for kompetanse**

- Tilpassa opplæring

**Behov for tilhøyrsle**

- relasjon til kontaktlærar
- opplevinga av å vere trist og lei seg mobbing

**Behov for sjølvmedverknad**

- Deci og Ryan; Teorien vektlegg sterkt behovet for kompetanse og behovet for tilhøyrsle
- Opplever elevar med skulevegring behovet for kompetanse og behovet for tilhøyrsle annleis enn elevar utan skulevegring**?**

Ei drivkraft med menneska i sentrum

HALBREND SKULE

Ein god stad å lære

# 2 sentrale område og arbeide med

- 1. **Kompetanse**

«Tilpassa opplæring»

Tilpassa opplæring er ein viktig beskyttelsesfaktor for å utvikle alvorleg skulefråvær. Resultat frå studien syner at at det er grunn til å tru at «flytsona» (utfordring og kompetanse er i balanse) er ein mangelvare for elevar med skulevegring

- 2 **Tilhørighet**

«Eleven sitt psykososiale miljø»

Resultata frå studien viser klart at elevar med skulevegring har ein dårligare relasjon til kontaktlærar, trivst dårligare på skulen, og er meir utsette for mobbing.

# Forebygging av alvorleg skulefråvær

## Klare rutinar for oppfølging og registrering av fråvær

- Rutinar og oppfølging av fråvær Habrend skule
- Skal vere kjent for lærarar, elevar og føresette

## Eleven sitt psyko-sosiale miljø

- Arbeidar aktivt for å fremje eit godt psykososialt miljø
- Systemarbeid-

## Tilpassa opplæring

- Handlingsplan for tilpassa opplæring i Førde kommune: dei 7 differensierings kategoriane til grunn i vårt arbeid.

## Samarbeid mellom skule og heim

Informasjon om fråværsrutinane
- Open/tett dialog
- FAU

HALBREND SKULE

Ein god stad å lære



2.

# Alvorleg skulefråvær på Halbrend skule

## Handlingsplan

- Føring av fråvær
- Kontakt heim-skule
- Rutinar for oppfølging av **alvorleg skulefråvær**.
- Drøfting av fråvær på skulen

## Alvorleg skulefråvær=

1. Ugyldig fråvær av ein einskild time
2. Ugyldig fråvær av ein dag
3. 3 enkelte dagar med fråvær på ein månad
4. 10 dagar gyldig fråvær i halvåret (gjeld ikkje fråvær som er søkt om/avklara på førehand)
5. Fråvær der eleven reiser frå skulen ulovlig i løpet av skuledagen
6. 3 gonger forseintkomming på ein månad
7. Fråvær av gym (dvs. gløyming av gymkle) 3 g.pr.periode (8 v)

# Når alvorleg skulefråvær vert avdekka

## Kontakt

Kontaktlærar tek kontakt med heimen.
Hensikt;
*Informere* om fråværet og undersøke om det føreligg konkrete årsaker til at eleven er vekke.
Hugs å loggføre.

## Kartlegging

Ikkje urovekkjande fråvær. Saka vert avslutta

Informere leiinga om urovekkjande fråvær.

Kontaktlærar inviterer føresette og elev til ein samtale der målet er å kartlegge årsaken til det alvorlege skulefråværet innan ei veke.

I nokre tilefelle vil det vere aktuelt for rektor å fatte enkeltvedtak i høve til opplæringslova 9a.

Vedlegg 2: Kartleggingssamtale

## Tiltak

Kontaktlærar skal utarbeide ein samarbeidsavtale med elev og føresette. Sjå vedlegg 3.

Vedlegg 3: Samarbeidsavtale
Vedlegg 4: Idébank
Vedlegg 5: Ressursbank

## Evaluering

Tiltaka har effekt og det urovekkjande fråværet er slutt

Evaluer tiltaka etter tre veker. Evalueringa avgjer om det er behov for vidare/nye tiltak.

# Kartlegging

## a) samtale

- Rammene» rundt samtalen
- Starten på samtalen
- Forslag til spørsmål til elev/føresette
- Avslutning/oppsummering


Vedlegg 2

MAL KARTLEGGINGSSAMTALE- VED BEKYMRING OMKRING FRÅVÆR

| | Kartleggingssamtale ved bekymring omkring fråvær |
|---|---|
| Rammer for ein god samtale | - Sørge for gode fysiske rammer for samtalen. Vel eit møterom der ein ikkje vert uroa<br>- Avtale på førehand kor lang samtalen skal vere.<br>- Avklare på førehand om eleven skal vere med. Dersom eleven ikkje vert med må han/ho oppleve å få god informasjon om kva som blir sagt og gjort- og kvifor.<br>- Ta høgde for kjenslemessige reaksjonar hjå føresette og elev. Bekreft og anerkjenn kjenslene.<br>- Førebu møtet godt! Snakk med andre lærarar/tilsette som kan bidra med nyttig informasjon |
| Starten på samtalen | - Start samtalen med å informere om at formålet med samtalen er å dele skulen si bekymring for eleven sitt fråvær.<br>- Gje ei konkret tilbakemelding på omfanget av fråvær.<br>- Informere at skulen har rutinar for oppfølging av alvorlig skulefråvær<br>- Dette inneber at leiinga vert varsla<br>- Målsetjing om å kome fram til tiltak som vil redusere eleven sitt skulefråvær<br>- Informere om at skulen har ansvar for at elevane har ein god og trygg skulekvardag og at foreldra har ansvar for at eleven kjem til skulen<br>- Elevar har opplæringsplikt, og føresette har ansvar for at skulen får gjeve denne opplæringa |
| Forslag til spørsmål : til eleven | - Korleis trivst du på skulen/ har du venar på skulen?<br>- Korleis trivst du i fritida?<br>- Er det noko som er vanskeleg/ubehageleg på skulen (friminutt, skulebuss, lærar, mobbing, prøve, snakke i klassen)?<br>- Har du oversikt over skuledagen din?<br>- Er det spesielle fag du likar/ikkje likar?<br>- Er det vaksne på skulen som du har eit godt/ikkje godt forhold til?<br>- Vert du plaga på skulen? I friminuttet? På skulevegen? På fritida?<br>- Kva gjer du når du ikkje er på skulen (Dataspel, TV, shopping, heime)?<br>- Korleis ynskjer du at skuledagen din skal vere? |
| Forslag til spørsmål : til føresette | - Korleis opplever du/dykk at ditt barn trivst på skulen/fritida?<br>- Opplever du/dykk at det er spesielle årsaker til at ditt barn ikkje er på skulen?<br>- Kan det vere forhold på skulen som gjer at ditt barn har fråvær?<br>- Ansvarsfordeling mor/far<br>- Kan det vere forhold utanfor skulen som gjer at ditt barn har fråvær?<br>- Er det helsemessige årsaker til at barnet ditt har fråvær?<br>- Kva gjer eleven på når han/ho ikkje er på skulen?<br>- Korleis er morgonrutinane/kveldsrutinane?<br>- Er det noko de treng hjelp til? Kven kan hjelpe?<br>- Kva tenker du/dykk at skulen kan gjere for at barnet skal kome tilbake til skulen? |
| Avslutning på samtalen | - Gje ei kort oppsummering av samtalen. Avtal vegen vidare.<br>- Avklare tydelege rammer for vidare kontakt; hyppighet, bruk av epost /SMS/telefontid osv.<br>- Samarbeidsavtale kan brukast dersom årsakene/tiltak kjem tydeleg fram i samtalen.<br>- Evaluer innan 3 veker!<br>- Om ikkje årsaker/tiltak vert klart i møtet, så avklar eit nytt møte innan ei veke der leiinga også er representert. Tiltak/samarbeidsavtale skal då utarbeidast. |
| Etter | - Har du gjort deg tankar om kva faktorar som verkar utløysande og oppretthaldande for problematikken? |

## b) SRAS-R-L-kartleggingskjema

- Til lærar, elev og foreldre.
- Kartlegg funksjonen til fråværet.



| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Hadde det vært lettere å gå på skolen hvis en av dine foreldre var med deg? | | | | |
| Hadde det vært lettere å gå på skolen hvis barnet kunne gjøre mer morsomme ting etter skoletid (som å være med venner)? | | | | |
| Hvor mye mer vondt får barnet det på skolen (blir redd, nervøs, trist) enn andre på sin alder? | | | | |
| Hvor mye mer holder barnet seg unna elever på skolen enn andre på barnets alder gjør? | | | | |
| Ønsker barnet å være hjemme med en av foreldrene mer enn andre på samme alder? | | | | |
| Har barnet mer lyst til å gjøre morsomme ting utenfor skolen enn andre på samme alder? | | | | |

| Unngår ting eller situasjoner som vekker ubehag | | Unngår situasjoner som innebærer evaluering/ bedømmelse | | Søker oppmerksomhet | | Velger konkrete, attraktive aktiviteter | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | | 2 | | 3 | | 4 | |
| 5 | | 6 | | 7 | | 8 | |
| 9 | | 10 | | 11 | | 12 | |
| 13 | | 14 | | 15 | | 16 | |
| 17 | | 18 | | 19 | | 20 | |
| 21 | | 22 | | 23 | | 24 | |
| Sum: /6= | | Sum: /6= | | Sum: /6= | | Sum: /6= | |

HALBREND SKULE

Unngå negative opplevingar

Oppnå positive forsterkarar

Kearney: behandling/tiltak

## Elevfokusert behandling

Psykoedukasjon og angst

Avslappingsøvingar

Gradvis eksponering

Belønning

## Foreldrefokusert behandling

Foreldrerettleiing; kort og tydlighet

Etablere gode morgonrutiner

Etablere belønning ved skuledeltaking og konsekvensar av skulk

Tvungen skuledeltaking i einskilde høve

## Elevfokusert behandling

Psykoedukasjon om angst

Avslappingsøvingar

Kognitiv restukturering av tankane

Sosial ferdighetstrening

Belønning

## Familiefokus

kt med klare insentiver for skuledeltaking

Etablere problemløysningsmøter for familien

Øving i kommunikasjonsdugleik

Følging av ungdom til skulen

Auka monitorering av skuledeltaking

Sosial ferdighetstrening med fokus på å motstå gruppepress

*Ei drivkraft med menneska i sentrum*

# Tiltak

## 1. Utarbeide samarbeidsavtale



Vedlegg 3

SAMARBEIDSAVTALE – FRÅVÆR HALBREND SKULE

| | | | |
|---|---|---|---|
| Elev | | født: | |
| Kontaktlærar /rektor | | | |
| Føresette | | | |
| Evt. andre deltakarar i møte | | | |

**Langsiktig mål:**
**Eleven skal vere på skulen kvar dag.**

**Delmål**
*Kvart delmål vil innebere auka utfordringar for eleven. Delmåla skal tilrettelegge for meistring. Spesifiser kor lenge kvart delmål skal gjelde. Spesifiser for eksempel fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, eleven sitt behov for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar.*

| Minst 3 delmål + tiltak | | Kor lenge? | Ansvar? |
|---|---|---|---|
| 1 | | | |
| 2 | | | |
| 3 | | | |

**Evaluering mål/tiltak (fortløpande- men møte igjen innan 3 veker etter utarbeidinga)**

*Basert på evalueringa er det gjort ei vurdering av behov for ny samarbeidsavtale og/eller vidare henvisning til PPT, BUP, barnevernstjenesten eller andre instanser.*

## Tiltak

- På skulen
- Heim-skule
- Tillrettelegging
- Oppmøte og tilstadeværelse
- For og motverke sosial isolasjon
- Vidare tiltak + evaluering

*Ei drivkraft med menneska i sentrum*

# Tiltak

## Idebank: tiltak



Vedlegg 4

| Idebank | |
|---|---|
| Kartlegging | - Kartlegging er viktig for å kunne sette i gang gode tiltak, men er også eit tiltak i seg sjølv då dette fungerer relasjonsbyggande mellom eleven og skulen, og skulen og føresette. |
| Tiltak på skulen | - Leiinga set av nok tid, og skaper gode rammer for relasjonsbygging og støtte frå pedagogisk personell.<br>- Bygge opp under gode relasjonar eleven har til jamaldringar på skulen (t.d «speleklubb» i friminutt)<br>- Etabler og vidarefør positive relasjonar til vaksenpersonar på skulen for å skape trygghet for eleven<br>- Informer klassen/trinnet om fråværet dersom elev/føresette samtykker til dette.<br>- Daglig/jamlige samtalar med eleven med fokus på meistring og emosjonell støtte.<br>- Spreie håp: «det blir betre når man øver seg» «eg forstår at du opplever det som vanskeleg, og vi veit korleis vi skal hjelpe deg» |
| Tiltak skule-heim | - Sørg for open og tett dialog med heimen, slik at dei til ei kvar tid veit kven dei skal ta kontakt med- og når vedkommande er tilgjengeleg.<br>- trygge heimen på at skulen gjer sitt beste for at eleven skal trivast. Gje god informasjon om korleis eleven fungerer på skulen.<br>- anerkjenn utfordringane til føresette, og gje informasjon om aktuelle hjelpeinstansar (sjå vedlegg på hjelpeinstansar)<br>- skulen kan hente barnet heime dersom det er vanskeleg å få barnet til skulen |
| Tilrettelegging | - unngå stigmatiserande tiltak der eleven føler seg utsatt. Samarbeid med eleven!<br>- Etabler system for å ivareta forutsigbarhet og struktur for eleven sin skuledag. Eleven må oppleve trygghet. Førebu eleven godt dersom det er «nye» ting som skal skje.<br>- Fokuser på fag som eleven meistar, og sørg for faglig tilpassa opplæring<br>- Vær bevisst på kor eleven er plassert i klasserommet. Eleven må bli «sett»- sit gjerne i nærleiken av venar, trygge medelevar |
| Oppmøte og tilstedeværelse | - møt eleven i skulegarden eller på avtalt stad for å følgje eleven til klasserommet.<br>- gje eleven alternativ til å reise heim frå skulen. Kva kan han/ho gjere dersom han/ho ynskjer å gå heim i løpet av dagen?<br>- mor/far følgjer til skulen i ein periode. |
| Tiltak for å motverke sosial | - Sørg for at eleven opprettheld positiv kontakt med medelevar dersom eleven er sosialt isolert. For eksempel brev frå klassen, besøk |

## Ressursbank



Vedlegg 5

| Ressursbank | |
|---|---|
| Tilbod på Halbrend skule<br><br>*Tlf: 57 82 87 40* | **Miljøarbeidar :**<br>*Solrun Thingnes*<br>*Tlf: 95 11 57 94*<br>Miljøarbeidar er tilgjengeleg på skulen kvar dag.<br><br>Miljøarbeidar kan tilby:<br>- Samtalar basert på MI-metodikk, ein endringsfokusert rådgjeving.<br>- Psykologisk Førstehjelp, eit verktøy for å handtere vanskelege tankar og følelsar, gjennom enkle oppgåver og arbeidsark.<br>- Trivselstiltak i grupper<br>- Møte eleven om morgonen<br>- Ringe eleven om morgonen<br>- Vere ein tilgjengeleg vaksen i løpet av skuledagen<br>- Vere ein «kjentmann», ein kontaktperson i spørsmål eller bekymringar rundt rus.<br>Elevar, foreldre og tilsette i skulen kan kontakte miljøarbeidar for samtalar.<br><br>**Skulehelsetenesta**<br>*Tlf: 57 82 87 44*<br>Helsesøster er tilgjengeleg på skulen måndag, onsdag og torsdag (partalsveker)<br>Helsesøster kan tilby samtalar og rettleiing rundt tema som søvn, kosthald, fysisk og psykisk helse, trivsel m.m<br>Elevar, foreldre og lærarar kan kontakte helsesøster for samtale.<br>Helsesøster kan henvise vidare til skulelege eller psykolog.<br>Skulehelsetenesta kan gjennomføre ein medisinsk undersøking dersom en elev med skulevegring har fysiske plager<br><br>**Spesialpedagog**<br>Tlf. 95801380, Hilde Lauritsen<br>Spesialpedagog er tilgjengeleg på skulen kvar dag.<br>- Kan hjelpe til med tilpassa opplæring utifrå elevn sine evner og føresetnadar.<br>- Kan hjelpe til med å legge til rette for elevar med særskilde behov<br>- Kan ta tidleg kontakt med eventuelle samarbeidspartar ved behov. |
| bod i nmunen | **Helsestasjon**<br>*Kontaktinformasjon:*<br>*Førde rådhus, 3.etg.*<br>*Tlf: 57 72 21 30* |

Ei drivkraft med menneska i sentrum

# Evaluering



# Læringsrommet

- Vi vektlegg minstestandardar i læringsrommet.
  - Alle får ein liten sum for å pynte i klasserommar
  - Oppslag skal vere på plass.
  - Det skal vere skikkeleg og ryddig rundt oss.
- Etter skulestart er leiinga rundt i alle læringsromma, for å gje tilbakemelding på minstestandardane.
- Nulltoleranse mot hærverk.
- Er noko øydelagt blir det kjapt ordna og følgt opp.




Takk for oss